

Vedlegg

Innhald i forslag til finansiell sikring

Forslag til finansiell sikring skal mellom anna inkludere:

- Fastsetting av kostnadane, jf. avsnitt om sikringa i brevet
- Dokumentasjon på kontakt med ein norsk bank
- Dokumentasjon på at de har tatt stilling til kva type sikring som vert stilt
- Vurdering av om maksimal lagringsmengd i løyvet må endrast

Om typar finansiell sikring

Alternativ 1 - kontopant

Finansiell sikring i form av kontopant inneber at verksemda opprettar ein konto i ein norsk bank med det beløpet det krevst sikring for. Fylkesmannen skal ha pant i beløpet på kontoen. Kontoen skal vere sperra, og skal berre disponerast av Fylkesmannen, eller Fylkesmannen og verksemda i fellesskap.

For *kontopant* må Fylkesmannen og den i verksemda med signaturrett signera to eksemplar av avtalen; eit originaldokument til kvar.

Alternativ 2 - påkravsgaranti («on demand») frå bank

Påkravsgaranti gir Fylkesmannen rett til utbetaling utan å måtte bevise at det ligg føre eit mishald hos verksemda, t.d. insolvens eller konkurs. Ved en påkravsgaranti har Fylkesmannen krav på betaling etter påkrav.

Påkravsgaranti fra bank godtas dersom den er utforma som ein ubetinga påkravsgaranti i samsvar med malen vår. Påkravsgarantien vert etablert ved at verksemda kjøper ein garanti av ein bank. Forsikringsselskap vert ikkje godkjent som garantist.

For *påkravsgaranti* må verksemda sende garanti (originaldokument med signatur).